

Hallo i nedslagsfeltet!

Eg fekk nærast sjokk når eg kom på at det var min tur til å blogge att. Har det verkeleg gått tre veker sidan førre gongen? Tida går så fort at eg nesten ikkje klarar å hengje med!

Som tidlegare nemnt fekk eg betennelse i ankelen etter trimpostturen min, og måtte dermed ta det med ro i nokre veker. Heldigvis var det elvekajakk som først sto på programmet, og eg tenkte at det passa ypparleg for ankelen. Lange stryk og sterk straum i elva gjorde padlinga ekstra morosam og utfordrande. Men den sterke straumen og eit ribbeinsbrudd som ikkje hadde grodd heilt skikkeleg var ein svært dårleg kombinasjon. Padleturen måtte avbrytast, men det var veldig kjekt så lenge den varte!

Heller ikkje fjellklatring var særleg lurt for ankelen og ribbeina. Men medan dei andre utfordra nye høgder, hadde "skade-gjengen" det triveleg i kvarandre sitt selskap.



Eg vart etterkvart passeleg lei av å ikkje kunne vere med på aktivitetar på grunn av skader, og det var derfor ikkje snakk om å avlyse det planlagde solodøgnet. Planen hadde eigentleg vore at eg skulle gå ein lang tur etter kart og kompass aleine ute i øydemarka, men for å bli litt betre venn med helsa endra eg målet med turen til: "Gå ned mot Fløafjorden, stopp ved første og beste leirplass og sett opp ein fin gapahuk. Gå minst mogleg, bade i Fløafjorden og sove aleine ute i to netter".

Eg starta seint om kvelden og gjekk i bekmørke. Det førte til at eg rett og slett ikkje klarte å finne grusvegen ned til Fløafjorden, noko som skal godt gjerast. Eg tenkte då at eg skulle gå rett fram i skogen heilt til eg treffe på grusvegen, men etter at eg følte eg hadde gått kjempelangt tok eg den slutninga at eg skulle sette opp gapahuken min, og sove til neste morgon. Den natta låg eg bekymra og tenkte på korleis eg skulle finne grusvegen neste morgon, utan at eg gjekk for langt vekk frå leirplassen min.

Då eg vakna av nokre stemmer morgonen etterpå, og kika ut, fekk eg meg eit stort sjokk! Eg hadde campa 7-8 meter frå grusvegen og om lag 500-600 meter frå Rema 1000 og sentrum av Leira. Med andre ord hadde eg gått under 400 meter i skogen dagen før. Og stemmene som eg høyrde var nokre frå klassa mi på veg til å starte på sitt solodøgn, som no heldt på å gå til av latter då dei såg kvar eg hadde campa! Etter at dei traska lenger inn i skogen, fortsette eg med mitt solodøgn, fyrte opp bål, grilla fisk og poteter og las i ei bok. Neste morgon pakka eg saman campen og tok deretter eit lite bad i Fløafjorden før eg gjekk tilbake til skulen.

Sidan sist blogginnlegg har eg også starta opp med nye valfag. Kvar måndag har eg trampett, der vi trenar på å ta forskjellige saltoar på trampoline. Dette valfaget er absolutt ein favoritt og gir meg eit skikkeleg adrenalinkick! Men det er vel kanskje ikkje det mest ideelle med tanke på at ribbeina ikkje har grodd heilt 100 % enda...



Ein elev ved skulen har akkurat tatt EM-bronse i turn, og er ein svært flink læremeister!

Tysdagar dansar eg salsa, noko som ligg litt utanfor komfortsona mi. Men litt av vitsen med året på folkehøgskule er jo å utfordre seg sjølv og prøve nye ting. Elles har eg gitarkurs på torsdagar og alpint kvar fredag. I Valdres har det endeleg kome ein del snø, og eg ser verkeleg fram til å stå mykje på ski!

For to veker sidan var det familiedag på Valdres folkehøgskule. Alle klassene hadde planlagt underhaldning, og bidraget til mi klasse var ein sketsj. Den vart avslutta med flammeblåsing, som ei jente i klassa hadde lært seg kvelden før. Skal seie det gjekk eit gisp gjennom salen då ja! Eg fekk besøk av mamma, Emma og Sophia som kom fram langt ut på ettermiddagen, etter å ha stått fast i trafikken i mange timar på grunn av ein trailer. Men koseleg var det iallefall!



Øving til familiedagen!

Førre veke hadde vi eit førstehjelpskurs. Det var éin dag med teori og éin dag med øving. Eg synest førstehjelp er veldig spanande, og eg fekk heldigvis vere markør. Mi rolle var å spele skada passasjer i ei bilulukke, og eg skulle ha indre blødningar og eit stort kutt i panna.



Limte fast eit glasskår i panna med trelim.

Ein annan spanande dag var då vi fekk grundig informasjon om turen til Alpane i januar, og eit foredrag om høgdesjuka i forbindelse med turen til Himalaya i mars. Og no gler eg meg enda meir til alle opplevingane og utfordringane som møter meg på nyåret! I tillegg er eg godt over middels interessert i kva som skjer med kroppen i store høgder, og dersom eg ein gong kunne blitt med som helsepersonell på ekspedisjonar på høge fjell så hadde det verkeleg vore midt i blinken!!

PS: Mi personlege form på ein skala frå 1-10 er i skrivande stund vurdert til 4,7.